



DEN NORSKE KYRKJA
I ULLENSVANG

MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

Møtedato: 03.03.2021	
Frå sak nr. 08/21, 09/21,10/21,11/21,12/21,13/21,48/20	Møtestad: Jondal Kyrkje, kyrkjerommet
Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Anne Røymstad	Nestleiar Åse Marit Jørgensen
Sekretær Karin Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Cecilie S.Stærnæs	Medlem Marit Hesvik
Geistleg representant Arve Opsahl Engen	Vara: Maria Eide
Forfall til møtet: Marit Hesvik	

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Meldingar/ Orientering : (Opplisting av meldingar som vert lagt fram i møtet)

Velkommen til Diakonimedarbeidar Margot- Helene, som vil presentere seg sjølve og arbeidet ho gjer som diakon i dei ulike sokna i Ullensvang kommune.

Åse Marit, Ingebjørg og Karin har sagt ja til å være diakoniutval i første omgang- lage plan for arbeidet i soknet og delta på kurs/møte 16/3-2021 i Odda.

Velkommen til Arne. Vikar som sokneprest i Jondal/Utne til ny prest er på plass.

Nytt frå Presten v/Arne:

Konfirmantplan: Konfirmasjonen er utsett til 29/08-21.

Konfirmantarbeidet ligg inn under presten sitt ansvar. Han har eit opplegg for undervisninga. Kantor er med i deler av den.

Temadag for foreldre og konfirmantar i løpet av konfirmasjonstida. Tema er psykisk helse.

Fasteaksjon

Fasteaksjonen skal vere 21.-23 mars. Konfirmantane er med. Det er vanleg at dei deltek i dør til dør aksjon med bøsser. I år kan det bli annleis grunna korona. Diakonimedarbeidar Margot Helene Backer-Owe har sendt spørsmål til smittevernlegen om ein kan gjere det slik i år. Soknerådet stiller seg tvilande om det bør gjennomførast dette året. Margot-Helene har gjort alt klart for digitale bøsser.

Tema for fasteaksjonen er reint vatn. Kirkens nødhjelp har utarbeidt eit undervisningsopplegg. Felles opplegg for alle konfirmantane i Ullensvang prestegjeld.

PC til soknerådsleiar er bestilt gjennom kyrkjeverje. Det er ikkje kome tilbakemelding. Anne etterspør svar.

Bårerommet: Innspel frå soknemedlem om det er andre lokalar enn bårerommet i soknehuset, som kan brukas til bæreandakt?

Saken er teke vidare til leiar for Vikevollen Silje Selsvik med spørsmål om kapellet på Vikevollen kan brukas av alle.

Verksemdsleiar Silje Selsvik trudde det skulle vere greitt, ho skulle undersøke det. Venter på tilbakemelding.

Nedanfor føl sakene som har vore til handsaming i møtet.

Saker:

08/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

09/21 Godkjenning av protokoll frå møtet den 02.02.21

10/21 Fastsette dato for Soknemøte 2020/21

11/21 Velja representant vedr. Tilsettingsprosessen Sokneprest for Jondal/Utne Sokn.

12/21 Søknad om permisjon frå stillinga som med-liturg/forslag til vikar.

48/20 Offerlista for 2021

13//21 Eventuelt

Sak 8/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste til møtet den 03.03.2021 vart samrøystes godkjent.

Sak 09/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokoll/ møtebok frå møtet den 02.02.2021 vart samrøystes godkjent.

Sak 10/21 Fastsette dato for Soknemøte

Kort utgreiing om saka:

Soknemøte er utsett fleire gonger pga. koronasituasjonen. Soknemøte/årsmøte er for alle medlemmar i kyrkjelyden og når gudstenester og andre arrangement er avlyst kan ein heller ikkje ha soknemøte. Ta ein diskusjon på når det er rimeleg å gjennomføre utan at ein må avlyse. Soknemøte i mai månad eller utsetje det til hausten.

Forslag til vedtak:

Fastsette ein dato fram i tid.

Vedtak:

Sak 10/21 vert utsett til neste møte. Samrøystes vedtatt.

Sak 11/21 Velja representant vedr. tilsettingsprosessen av ny sokneprest i Utne/Jondal sokn.

Kort utgreiing om saka:

Til Jondal sokneråd og Utne sokneråd v/leiarar

Kopi til prosten i Hardanger og Voss

Stillinga som sokneprest i Hardanger og Voss prosti med Jondal sokn og Utne sokn som tenestestad er no lyst ut med søknadsfrist 21. februar 2021. [Sjå utlysinga her](#).
Fint om de vil dele denne i dykkar kanalar.

Som del av tilsettingsprosessen spelar sokneråda ei viktig rolle. Sokneråda har høve til å kome med uttale om kven av søkjarane ein ønskjer tilsett, samt stille med kvar sin representant i intervju. I tillegg skal ein representant på vegne av begge sokneråda oppnemnast som medlem i innstillingsrådet (ein av dei som og deltek i intervju). Sjå vedlagt informasjon om tilsettingsprosessen i Bjørgvin bispedøme.

Her er tidsplan for vidare skritt i tilsettingsprosessen:

Søknadsfrist: 21. februar

Intervju: Måndag 1. mars

Frist for sokneråda sine uttaler: 10. mars

Tilsetting i Bjørgvin bispedømeråd: 25. mars

Det er fint om de legg opp til å ha møte i sokneråda i tidsrommet mellom intervju og før fristen for å sende inn sokneråda sine uttalar. Ber og om at de blir einig om kven som skal representere soknerådet i innstillingsrådet og på intervju. Kontaktinformasjon til vedkomande kan de sende til meg så snart det er landa. Elles vil vi sende dykk oppdatering så snart vi får avklart nærmare tidsplan.

Om det vert fysiske eller digitale intervju, vil vi måtte sjå an ut i frå korleis smittesituasjonen er på det aktuelle tidspunktet. Meir informasjon kjem så snart søknadsfristen er ute.

Ber om at denne informasjonen vert lagt fram for sokneråda.

Utdrag mail frå Kari Eitrem- leiar Utne Sokneråd:

Ser at det skal veljast ein frå desse to sokna som skal delta i prosessen. Eg kjem med eit sterkt ynskje om at begge sokna kan få ha kvar sin representant. Det er stor avstand mellom desse kyrkesokna og lite kjennskap til dei andre representantane. Er det ikkje mogleg at begge kan stilla med kvar sin representant?

Det er kome endringar etter sakspapira vart sendt ut. Det var ein søkjar til prestestillinga. Det var avgjort av stillinga skal lysast ut på nytt.

Ny tidsplan i tilsetjingsprosessen.

Ny søknadsfrist: 5.april

Intervju: 12.-16.april

Frist for sokneråda til uttale: 19.april

Innstillingsråd lagar innstilling til Bjørgvin Bispedømeråd:21.april

Tilsetjing i Bjørgvin Bispedømeråd: 30.april

Forslag til Vedtak:

Soknerådet i Jondal vel sin representant, og at representant frå begge sokna er med i prosessen fram til møte vedr. tilsetting i Bjørgvin Bispedømmeråd 30.april.
Leiar for Utne Sokneråd kan gjerne være representant i innstillingsrådet

I møte kom det forslag om at soknerådsleiar Anne Røymstad representerer Jondal sokneråd i tilsetjingsprosessen

Vedtak:

Samrøystes vedtak om at Anne Røymstad representerer Jondal Sokneråd i tilsetjingsprosessen.

Leiar for Utne Sokneråd er representerer både Jondal og Utne Sokn i Innstillingsrådet.

Sak 12/21 Søknad om permisjon frå stilling som med-liturg/klokkar/forslag til vikar.

Kort utgreiing om saka:

Haldor Tuvin søkjar permisjon frå stillinga si som med-liturg, frå 1/3-2021 til 1/1-2022.

Stillinga er ca.5% og er difor vanskeleg å lyse ut. Kyrkjeverje oppmodar difor soknerådet om å komme med forslag til nokon ein tenkjer kan vere interessert i stillinga.

Forslag til vedtak:

Soknerådet går inn for å gje si støtte til at Haldor Tuvin får permisjon frå 1/3-2021 tom.1/1 2022, slik han har framsett i søknaden.

Formidle eventuelle kandidatar til vikariat til kyrkjeverje.

Vedtak:

Soknerådet støtter at med-liturg Haldor Tuvin får permisjon frå 1/3-2021 tom.1/1 2022, slik han har søkt om.

Det blir sendt 2 innspel om aktuelle vikarar til Fellesrådsleiar.

Sak 48/20 Offerlista

Kort utgreiing om saka.

Sak tatt opp igjen frå møtet 02.12.20. Forslag til offerliste er lagt fram.

Det er laga plan for gjennomføring av gudstenester tom. pinse.

Det er ikkje laga oversikt over gudstenester lenger enn fram til 18.april. Arve Opsahl Engen tek ansvar for gudstenesteliste fram til hausten. Datoar, klokkeslett og kva slags gudsteneste det skal vere.

Offerliste vår 2021

07/3: Gudstjeneste: Offer til **Kyrkjelydens arbeid i Jondal**

21/3: Gudstjeneste: **Kirkens Bymisjon**

01/4: Skjærtorsdag : ikkje takkoffer

02/4: Pasjonskveld: Offer til **Kyrkjemusikalsk arbeid**

04/4: Høgtidsgudstjeneste: Offer til **Mariastiftelsen**

18/4: Familiegudstjeneste: **Kyrkjelydens barne og ungdomsarbeid.**

02/5: Gudstjeneste: Offer til **Misjonsprosjekt i Kamerun**

17/5: Gustjeneste: **Offer til Kirkens SOS**

23/5: Høgtidsgudstjeneste: **Kristen Idrettskontakt (KRIK)**

For bruk seinere:

Stafanusalliansen

Strømmestiftelsen

Bibelselskapet

Forslag til vedtak:

Vedta forslag som ligg føre.

Vedtak:

Forslag til vedtak offerliste for 2021 vart samrøystes vedtatt

Arve Opsahl Engen syter for gudstenesteliste fram til hausten. Dato, klokkeslett og kva slags gudsteneste det skal vere.

Sak 13/21 Eventuelt

Jondal Sokneråd hadde kontoar på Coop. Alle kontoar er sagt opp. Det må søkjast til Coop Norge om ny bedriftskonto.

Anne bestiller postboks på Coop. All post skal adresserast til postboks. 2 nøklar. Dette er godkjent av kyrkjevevje.

Det blir arbeidt med ny liturgiplan i kyrkja. Det varierer frå sokn til sokn kva liturgi som blir brukt. Målet er at det skal bli mest mogleg likt. Sokneråda får eit forslag for uttale.

Neste møte blir onsdag 14.april k. 16.30

